

PER ESBEN MYREN-SVELSTAD

Livet i vald

Antisolidarisk vitalisme i nokre dikt av Åsmund Sveen

FORFATTARSKAPEN TIL DEN norske diktaren Åsmund Sveen (1910–1963) held på å bli etablert som ein særmerkt del av norsk modernisme. Sveen gav ut fire kritikarroste diktsamlingar og ein roman mellom 1932 og 1940, og på 1960-talet kom to posthume diktsamlingar. Allereie i 1955 omtala litteraturhistorikaren Philip Houm (1955, 512–3) debutboka *Andletet* på denne måten: "En bok gjennomtrengt av hektisk ungdomsangst; stadig kretser 'Andletet' om den spittelse mellom sinn og drift som i den tids psykologiske sjargong gjerne ble kalt den annen pubertetskrise".¹ Det er tydeleg at Sveen sidan 1950-talet vart lesen og tolka som ein skildrar av det problematiske i å vera ein seksuell "avvikar".² I tillegg til at Sveen budde med ein annan mann i ein lang periode, inneheld verket det me kan kalla "homolitterære markørar": element som peiker mot samtidas homoseksualitetsdiskursar, men der nettopp det tvitydige og alluderande i desse elementa er med på å skapa effekten av homoseksualitet i teksta.

Eit hovudproblem i forskinga er det faktum at Sveen var kulturpolitiske engasjert i nazistpartiet Nasjonal Samling (NS) i krigsåra. Han propaganderte dimed aktivt for eit parti som mellom anna bidrog til ei innskjerpning av forfylginga av homoseksuelle i Noreg.³ Biografiske og litterære kjensgjerningar tillèt å skilja mellom tre hovudgrunnar til

dette livsvalet. For det fyrste var Sveen ein ettertrakta frontfigur for den nazistiske kulturpolitikken. Han skreiv på nynorsk, ofte rekna som eit meir heilnorsk språk enn bokmålet, og hadde eit stort nettverk og godt rykte innanfor dei litterære og kulturelle sirklane i Noreg. Slik hadde han ein viss kulturell affinitet med den nazistiske idéen om spirituell, nasjonal gjenføding.⁴ For det andre var denne nazistiske "adopsjonen" av Sveen sannsynlegvis komplementert av Sveens eigne pragmatiske opportunisme. Han hadde økonomiske problem livet gjennom, og gjennom arbeidet for NS fekk han ein god jobb med fast lønn. For det tredje kan det ikkje utelukkast at NS til ein viss grad utpressa han, og at han kan ha vorte tvinga til å arbeida som nazistisk kulturkommisær under trugsmål om straff.⁵

Sveens liv, politiske engasjement og homolitterære dikting er eit unikt eksempel på korleis nokre av modernitetens store spørsmål – seksualitet, befolkning, totalitarisme – grip inn i kvarandre på uføreseieleg vis. I forfattarskapen ligg det ein politisk radikalitet gjennom dei opne skildringane av homoerotikk og den seksuelle avvikarens situasjon. Samtidig finst det spor av hat, vald og eit problematisk forhold til andre menneske. Kompleksiteten i denne interseksjonen er formulert av den amerikanske queerteoretikaren J. Halberstam (2011):

[H]omosexuality is not so much an identity stretching across time as a shifting set of relations between politics, eros, and power. [...] [W]e have to be prepared to be unsettled by the politically problematic connections history throws our way. (Halberstam 2011, 162)

Den epistemologiske utfordringa frå Halberstam om å vera førebudd på å bli rysta motverkar forenklande analysar der ein anten ser den mannlige homoseksuelle nazisten som eit paradoks ("den gode homo"-narrativet) eller som ei logisk fylgje av manndomsdyrkings i nazismen (det homofobiske narrativet), blir seksualitet brukt som ei styrande analyseramme med éin mogleg konklusjon. Denne artikkelen er eit forsøk på å framheva det komplekse nettverket mellom seksualitetsdiskursar, vald og politikk med Sveens dikt som fokuspunkt. Inspirert av Halberstam

gjer eg dette gjennom omgrepet *antisolidaritet*. Gjennom dette omgrepet vil eg få fram korleis den diskursive maktproduksjonen av den homoseksuelle plasserer han i ei umogleg dobbeltbiding til lojalitet, kjærleik og solidaritet.

Vitalisme, nazisme og psykoanalyse

Den akademiske gjenoppdagninga av Sveen er i stor grad motivert av ei ny interesse for *vitalismen*. Med dette omgrepet forstår ein både ei filosofisk retning, ein pragmatisk eller politisk ideologi og ei estetisk strøyming (Halse 2004, 2). Det sistnemnde aspektet ovrar seg mellom anna som ein auka bruk av sol, nakne kroppar, strand- og fjellsener som motiv i biletkunsten, og naturdyrkning som ein veg inn til ei mystisk, allnaturleg livskraft, som hadde vorte postulert av biologien og filosofien (Halse 2004, 2). Både norske Eirik Vassenden (2012) og amerikanske Dean Krouk (2010) har nyleg brukt vitalismen som tilnærming til Sveens forfattarskap.

Ei sentral problemstilling i forskinga er den tilsynelatande sjølvmotseiinga i at Sveen var oppteken av både homoerotikk, den heteronormative vitalismen, og etter kvart dei spirituelle sidene av nazismen (Krouk 2010, 63). Krouks (2010, 64) analyse av diktet "Til dei unge menn", som Sveen inkluderte i den nazistiske antologien *Norsk ånd og vilje*,⁶ har som eksplisitt mål å unngå reduktive lesingar der homoseksualitet blir brukt som forklaring på nazistiske sympatiar.⁷ Ein hovudpåstand er at det finst ein slektskap mellom Sveens erotiske vitalisme og den nazistiske seksualpolitikken:

It is easy to see why this view of human sexuality would appeal to Sveen more than the moral constraints and unhealthy guilt he associated with the Christian or bourgeois denigration of sensuality and the body [...].

While the attractions of cultural vitalism for a young poet seeking sexual acceptance and healthy expressiveness are apparent enough, my suggestion that Sveen experienced National Socialism as sexually liberating for similar reasons will perhaps meet resistance. (Krouk 2010, 79–80)

Krouks argumentasjonskjede går ut på fordi Sveen var homofil, appellerte vitalismen og andre åndelege retningar til han. Fordi han var oppteken av det åndelege, var han sympatisk innstilt til nazismen og dei antimaterialistiske aspekta ved denne ideologien. Likevel konkluderer Krouk analysen med at:

Sveen's embrace of fascism, though related to the infatuation with masculine virility and mystical eroticism that we find in "Til dei unge menn," should not be seen as an extension of his homosexuality. (Krouk 2010, 86)

Dersom Sveen var oppteken av seksuell frigjering og vitalistisk-mystisk erotikk som uttrykk for homoerotikk, og viss desse ideologiske sympatiane var årsaka til at han engasjerte seg i nazismen, er det vanskeleg å forstå korleis Krouk samtidig kan avvisa at det er ein korrelasjon mellom nazisme og homoseksualitet i dette tilfellet.

Det finst ubehagelege samanhengar mellom homoerotisk estetikk og nazisme som det er vanskeleg å diskutera utan å hamna i ei homofob forenkling. Men lesinga til Krouk risikerer å bli i overkant unnskyldande; Sveen blir ein pådrivar for seksuell frigjering, men på grunn av politisk naivisme vel han nazismen som verkty for å oppnå denne fridomen.⁸ Til forskjell frå Krouks harmonisering er denne artikkelen snarare ein del av den antisosiale vendinga i queer-studiar som er oppteken av såkalla "skam-arkiv" over politisk problematiske og reaksjonære sider av i homokulturen (Halberstam 2008; 2011; Ahmed 2010). Ulikt både Krouk og Knut Imerslund vil eg difor hevda at det *er* ein samanheng mellom problematiseringa av homoseksualitet i forfattarskapen og den spirituelt-vitalistiske diskursen som nazismen utnytta. Samtidig er eg einig med Krouk i at dette ikkje tyder at Sveen vart nazist *fordi* han levde i eit likekjønna forhold. I staden vil eg ta som utgangspunkt at det moderne maskulinitetsidealet, eit sinnbilete på det heteroseksualiserte mannekjønnet, alltid er potensielt homoerotisk.⁹ Også i Sveens forfattarskap bryt det ambivalente forholdet mellom homoseksualiteten og det heteronormativt maskuline inn. Desse to kulturelle fenomena er i prinsippet umoglege å sameina, men

det finst, som Krouk har peikt på, ein "valslekskap" mellom dei (jf. Krouk 2010, 81).¹⁰ Men i staden for å sjå denne valslekskapen som Sveens subversive strategi for å fylla nazismen med homoseksuell meinings, ser eg vitalismen og nazismen som ideologiar med eit i utgangspunktet polyvalent forhold til homoseksualitet.

Medan Krouk med rette understrekar slektskapen mellom vitalisme, nazisme og mystisk-erotisk spiritualitet, må me også sjå vitalismen i samanheng med 1900-talets skandinaviske befolkningspolitikk, den framveksande nasjonalismen og den diskursive eksplosjonen kring seksualitet. Sjølv om vitalismen stødde opp under eit heteronormativt fruktbarheitsideal og ville gjenetablera ein klår kjønnsdikotomi (Dam 2010, 77), var han også ein leverandør av homoerotiske motiv. Det vitalistiske, mannlege kroppsidealet med struttande musklar og naken vitalitet representerte i utgangspunktet den normativt sterke og oppbyggjelige nasjonen. Men den svenske kunsthistorikaren Patrik Steorn (2007, 56) har framheva at dei same motiva sirkulerte som homoerotisk og -pornografisk biletmateriale, mellom anna i kunsten til målaren Eugène Jansson (1862–1915). Det er slik ei bryting mellom (mannleg) homoseksualitet og normativt maskulin vitalisme som blir vidareført i brytinga mellom homoseksualitet og nazisme.¹¹

Den pragmatiske vitalismen kan forståast som eit dominerande estetisk og sosialhygienisk sett med idéar, der fleire seinare vart adopterte av nazismen. Innanfor den sosialhygieniske tenkinga om homoseksualitet kan psykoanalysen sjåast som meisterdiskurs. I 1922 skulle ein offisiell komité revidera den norske straffelova, på eit tidspunkt då spørsmål knytte til folkesetnaden hadde vorte meir aktuelle enn tidlegare (Jordåen 2010, 201–2). I debatten om § 213, som forbaud sex mellom menn, var komitéen influert av den nye medisinske diskursen om homoseksualitet, og særleg den freudianske psykoanalysen (Jordåen 2010, 201–2). Den homoseksuelle kjem seg ifylgje Freud ikkje gjennom Ødipuskomplekset på den normativt riktige måten som leier til ein identifikasjon med faren. I staden har han identifisert seg med mora, og søker eit seksualobjekt som liknar han sjølv (Freud 1924, 18n). Slik forklara han homoseksualitet som eit resultat av narsissisme:

Homoseksuelle hadde valt eit *narsissistisk*, libidinalt objekt i staden for eit *anaklitisk* – egoet i staden for *mora* (Freud 1925, 171). Implikasjonen til denne analysen er at homoseksualitet lyt reknast som ei utviklingshemming grunna i barndommen.

Freud meinte vidare at seksualdrift retta mot *egoet* og mot eit *eksternt* objekt er omvendt proporsjonale fenomen. Forelsking, der subjektet blir heilt oppslukt av den andre, er den reinaste forma for objekt-libido – og dimed del av ei normativ psykisk utvikling (Freud 1925, 158). Denne analysen utelukkar at den homoseksuelle kan vera forelska, sidan attrå hans kjem av ein libido retta mot egoet. Den psykoanalytiske forståinga av homoseksualitet utgjer saman med vitalismen og nazismen den diskursive bakgrunnen for lesingane mine.

Avvising av dobbeltgjengaren

Sveen debuterte med diktsamlinga *Andletet* i 1932. Det er nærliggjande å lesa samlinga, slik mange gjorde då ho kom, som eit samanhengande narrativ kring ei erotisk og pubertal oppvåkning.¹² Opningsdiktet er prega av glede, håp og forventing for det som skal skje:

Vaken og ventande veit eg med eitt
at våren har endeleg vekt meg!

- Det eimar av grassvorden grortungt og heitt
i solbakken her eg har strekt meg,
det larar av lauv på ei vågrøn grein
som dirrar i stråledryset.
- Så ligg eg her vaken – naken og rein
på lekam og sjæl – i lyset!

Ligg her og ventar og veit at det skjer
eit under, at timen er inne.

Eg stirer mot dagen og ser og ser
på alt det som møter mitt minne.
På alle dei vokstrar der safter tyt
frå rota til ytste bladet,

på berget og bakken der krafter bryt
mot brusande vårdagsbadet.

Vårdagen – villande vårdagen lær
imot meg frå alt eg kjenner!
Han femner meg fast – og han tek meg og bère
på sterke, ustyrlege hender.
– Eg legg meg innåt han, eg kjenner meg all
så viljug til eitt å gjera:
gjeve meg lykkeleg livet i vald –
livet og vårdagsferda.
(Sveen 1932, 7–8)

Diktet skildrar ei dyrking av naturen som er nesten påfallande erotisk med bileta av varme, den nakne kroppen og den saftige, ville jorda. Sveen skildrar eit fysiologisk perceptivt individ, typisk for vitalismens fascinasjon for naturen og naturvitskaplege oppdaginger (jf. Vassenden 2010, 130). Så tidleg som i dette aller første diktet i samlinga ser me allusjonar til likekjønna erotikk; den antropomorfe vårdagen – pronominalisert som ”han” i ein *pronomial equivocation* – blir karakterisert som ein sansleig og sterk figur. Dikt-eget legg seg innåt *han*, og det er vanskeleg å oversjå den direkte skildringa av erotikk mellom diktsamlingas gjenomgåande mannlege subjekt og den mannlege vårdagen. I tråd med vitalismens så å seia spirituelle dyrking av allnaturen vil dikt-eget ”gjeve meg lykkeleg livet i vald –/livet og vårdagsferda”. Den erotiserte naturen får fullmakt til å herja med diktsubjektet. Uttrykket ”livet i vald” står her først og fremst for ei tillitsfull overgjeving, men fungerer også som varsel om at livskrafta kan ha skadelege intensjonar.

Inntrykket av at dikta i *Andletet* utgjer eit lengre narrativ, blir forsterka av at dei ikkje har titlar. Derimot er samlinga delt inn i tre delar eller kapittel: ”Vakning”, ”Den ville vår” og ”Andletet”. Den manglende allitterasjonen til den tredje deltittelen understrekar for det fyrste at denne delen skil seg ut frå dei andre. Den livsbejaande, vitalistiske tonen som pregar starten av boka, går gradvis over i tvil og mørker; det

er det potensielt farlege i den kroppslege oppvakninga som blir skildra. For det andre speglar samanfallet mellom den tredje deltittelen og titelen på samlinga som heilskap at *identifikasjon* er eit hovudtema. Fyrste og siste del inneholder kvar sitt ekfrase-liknande dikt som dveler ved eit ungt andlet med ”mørke og store” augo. I det fyrste av desse ekfrasane stirer andletet håpefullt ”ut i ei fager verd” (Sveen 1932, 12). I det siste, derimot, heiter det at munnen ”forvrid seg”, medan augo ser ”ut i ei vond verd” (Sveen 1932, 119). Dikta gjev inntrykk av å skildra eit spegelbilete, der andletsuttrykket fungerer som ei overflate for spesielle teikn og markørar, ein mogleg allusjon til tanken om ein særmerkt, homoseksuell fysiognomi. I andre dikt blir denne overflata broten, og dikt-egets grenseoverskridande attrå for sitt eige andlet alluderer til myten om ynglingen Narkissos. Dette er eit sentralt motiv hjå Sveen, som ofte er knytt til vald og kjønnsleg medvit på tvydig vis.

Destabiliseringa av harmonien kan lesast i ljós av Michel Foucaults idé om den ”omvende diskursen” (*discours ”en retour”*):¹³ ”[L]’homosexualité s’est mise à parler d’elle-même, à revendiquer sa légitimité ou sa ‘naturalité’ et souvent dans le vocabulaire, avec les catégories par lesquelles elle était médicalement disqualifiée.” (Foucault 2009, 134)¹⁴ Påstanden er at dei ”avvikande” appriorerer den diskursen som har til føremål å kartleggja og kontrollera kjønns- og kjenslelivet deira, og utnyttar han på subversivt vis. Slik er det ein *taktisk polyvalens i diskursen* (Foucault 2009, 133). På eitt nivå kan Sveen seiast å bruka den diskursive konfigureringa av homoseksualitet til å omgå dei tabuiserande reguleringane av den litterære diskursen.

Halberstam (2011, 148) har vidareutvikla Foucaults kritikk av ”undertrykkingshypotesen” ved å oppmoda til å studera ”the contradictory and complicit narratives that, in the past as in the present, connect sexuality to politics”. Medan Foucault kjem med ein relevant kritikk av frigjeringsnarrativet, føreset hans eigen ”omvende diskurs” ei form for allianse mellom dei storsamfunnet har definert som ”avvikarar”. I tillegg inneber den ”omvende diskursen” at dei homoseksuelle tek del i den rådande diskursen og så å seia destabiliserer han frå innsida. Med inspirasjon frå Leo Bersanis (1995) analysar av Proust og Genet skisserer

Halberstam ein ”anticommunitarian position” som alternativ til Foucaults analyse av diskursens taktiske polyvalens. Dette er ein posisjon utanfor norma, der den homoseksuelle mannen demonstrerer med makt og destruktivitet at han heller ikkje *vil* vera del av henne, men heller ikkje av ein undertrykt fellesskap (Halberstam 2011, 150). I staden for eit approprierande og subversivt forhold til den rådande diskursen, er denne antisolidariske haldninga isolerande, marginaliserande og (politiske) nedbrytande. Ei slik haldning kan me sjå i følgjande dikt frå den tredje bolken av *Andletet*:

Eg møter eit menneske i skogen.

Han går og ser ned for seg –
slik eg sjølv gjer.

Eg – når eg stundom til ser op,
møter det mitt auga ei pinande uro
av stomnar
og lauv
og lys og lys som lever over alt.
Og attmed er himmelen nådelaust blå –

Slik er det sakte med han og –
vi er menneske båe.

Han kjem imot meg millom stomnane –
han har så veike aksler.

Eg møter han og tek han inntil bringa mi
fordi han er eit menneske som eg,
eg ser inn i augo hans –
og augo er mine eigne.
Dei medvitne augo.

— — —

Då lyfter eg mi hand og slær han ned.
Eg møter eit menneske i skogen – og eg slær han ned.

For han er eit menneske.
Eg elskar han ikkje. –
(Sveen 1932, 113)

Just den narsissistiske identifikasjonen innbyr til ei skeiv lesing. Eg-personen i diktet ser inneslutta ned på bakken, og identifiserer seg med den andre, som gjer likeins. Dette subjektet er likevel isolert, noko som visuelt og syntaktisk er underbygd av det utskotne fyrste-personspronomenet i starten av andre strofa. Her dveler diktet ved motsetnaden mellom dikt-eget og den urolege naturen. Men i staden for kåtskap og varmande sol skildrar diktet ”ei pinande uro/av [...] lys og lys som lever over alt”. På den eine sida kan dette lesast som ein allegori over den kontrollen av menneskelivet dei religiøse normene representerer; spesielt den ”nådelause” himmelen underbyggjer ei slik tolking. Samstundes står ljuset, som i vitalismen er assosiert med sol, varme og det livskraftige, her for noko negativt og urovekkjande. Det sterke ”lyset” gjer dei to som møtest i skogen, synlege for kvarandre. Likevel er denne synlegheita ikkje positivt lada; i staden verkar ljuset *trugande*. Ljuset avdekkjer noko som tilsynelatande ikkje skal vedkjennast; dei to personane freistar å sjå vekk frå kvarandre. Så langt gjev diktet uttrykk av ein ”omvend diskurs” som skildrar den politiske marginaliseringa av ”avvikarane” via ei problematisering av den religiøst-moralske og den medisinske diskursens utdefinering av dei homoseksuelle: ”vi er menneske båe”.

Identifikasjonen med den andre kjem gradvis, som ei leiting etter noko trygt i opposisjon til den trugande naturen. Men identifikasjonen inneber ikkje at desse to personane er *like*, for den møtande personen ”har så veike aksler”. Sjølv om denne andre personen er omtala som ”han” ser me han aldri omtala som ”mannen”; diktet legg vekt på at møtet er med eit ”menneske”. Det andre mennesket er ikkje utprega mannleg, men veikare enn eg-personen og kan underleggjast makta hans. I tillegg

er dei veike akslene ein fysisk karakteristikk som kan lesast som *feminisering*. Både feminiserings- og dobbeltgjengarmotivet er homolitterære markørar. Som Eve K. Sedgwick (2008) har poengtert, føreset sjølve ordet "homoseksuell" ein identitet mellom seksualpartnarar, som er reflektert i det gotiske dobbeltgjengarmotivet.¹⁵

Møtet mellom dei to personane har først preg av å vera (homo)erotisk. Ikkje berre tek det lyriske subjektet det andre mennesket inntil bringa si og held han fast. Blikket deira møtest òg – eit vanleg, men farefullt, motiv i homolitteraturen. Den verkelege, og kroppslege, identifiseringa kjem just når eg-personen ser at augo til den andre er hans eigne. Diktet og den andre viser seg å vera både den same og forskjellige, som spegelbilete av kvarandre. Identifikasjonen og omfamninga mellom dei opnar for å lesa diktet som ei homoerotisk skildring. Dette inntrykket blir underbygd av at augo til den andre er "medvitne" – ein potensiell allusjon til seksuelt medvit. Denne eg-personen, som leseren har fylgt på ei erotisk vakning gjennom diktsamlinga, har på dette punktet vorte klår over kva for slags erotikk han har vakna opp til. Dimed er ikkje dei vitalistiske ljos- og naturmotiva positivt ladde topoi lenger, men knytte til frykt og vald. Såleis set diktet i scene eit drama i miniatyr om eit forbode møte mellom to som er medvitne om at dei er avvikarar. Diktet kan på ei og same tid lesast som eit farefullt, homoerotisk møte og ei *doppelteksponeering* av eget. Dimed gjev det inntrykk av å vera ei distansering frå dei avvikande sidene ved sjølvet.

Eit anna element som står denne siste lesinga, er dei fire siste verslinene og den brå konklusjonen på diktet, som kjem rett etter ein ellipse markert med tre tankestrekar – i tråd med dramaturgien i diktet kunne me kalla det ein *peripeti*. For dette brotet i teksta markerer eit omslag der subjektet går frå ein potensielt subversiv solidaritet basert på identifikasjon – slik Foucault skildrar det – til ei valdeleg avvisning. Just denne avvisinga syner fram den antisolidariske posisjonen. Denne tilsynelatande umotiverte valdshandlinga meiner eg blir meir forståeleg om ein tenkjer seg at Sveen her alluderer til den samtidige psykoanalysen, der den homoseksuelle per definisjon ikkje kan elska. Det er altså nokre tenkemåtar og figurar som diktet hentar frå ein eller annan kontrollere-

rande diskurs, og i staden for å skriva dei om på subversivt vis, snur det lyriske subjektet desse tenkemåtane mot seg sjølv.

Me anar eit mogleg paradoks: Diktet går i dialog med ei psykoanalytisk forståing der identifikasjonen med spegelbiletet av egoet – eller med eit begjærsojekt av same kjønn, altså *ego-libido* – ikkje opnar for anna enn vald mot det same egoet. Slik viser det fram korleis det sosiale kontrollapparatet som freistar å hindra utviklinga av ein homoseksuell identitet, speglar seg att i eit medvit om ein avvikande identitet og, som logisk fylgje, ei antisolidarisk fornekting av både det narsissistisk genererte sjølvet og av samværet med andre – subjektet vil vera åleine i skogen.

Dersom subjektet ikkje kan retta begjæret sitt mot andre enn sitt eige ego, kan han heller ikkje elsa den andre – ein annan som i tråd med psykoanalysen er spegelbiletet av han sjølv. I *Andletet* finst ikkje rom for oppofrande kjærleik: "For han er eit menneske./Eg elskar han ikkje. –". Konsekvensen verkar å vera ei nesten rituell valdshandling med den teatraliske understrekinga: "Då lyfter eg mi hand". Eg-personen slår ned det andre mennesket, ei handling som er så sentral at orda "slær han ned" blir gjentekne, som om han nøler ved, og grunnar over, sjølve handlinga. Sjølv om desse verslinene får diktet til å dvela i ein dramatisk pause, kjem slaget brått på lesaren etter ellipsen. Diktet får preg av å vera ei dramatisk sjølvkonfrontering der dikt-eget, som på dette tidspunktet har definert seg eksplisitt som avvikar, utekspónerer og avviser sitt eige avvik. Mot slutten av *Andletet* er døden den einaste utvegen, og naturens livskrefter blir fornekta:

- Det tegjer herute i hagen i natt
og timane går.
 - Eg *vil* ikkje møte ein morgon att
med sol og vår!
- (Sveen 1932, 122)

Formeiring og vald

Dersom me vender oss mot Sveens etterkrigsglyrikk, inneheld den post-hume diktsamlinga *Brunnen* (1963) eit anna eksempel på det ambivalente

tilhøvet mellom ein positiv identifikasjon og dei vitalistiske samfunnsnormene.¹⁶ I større grad enn *Andletet* er dette ei tradisjonell diktsamling der tekstene kan lesast uavhengig av kvarandre. Sjølve boktittelen *Brunnen* kan tolkast på ulike måtar etter kva for tonelag ein les med. Ein brunn er for det fyrste ein avgrunn ned mot ein vass-spegel som konnoterer sjelddjupet og sjølvormd, men òg narsissisme. For det andre er ”brunnen” perfektumpartisippet av ”å brenna”. Ordet kan såleis alludera til ei alkymisk-spirituell reising,¹⁷ men også til det faktum at det lyriske subjektet har ”brent seg” i lidenskap. Denne lesinga av tittelen er underbygd ved at *Brunnen* er attoverskodande og melankolsk, og at kolofonen siterer eit dikt frå Sveens andre bok med det symboltunge namnet *Jordelden* (1933).¹⁸ På grunn av den nostalgitiske haldninga *Brunnen* tykkjест å veksa ut av, vil eg ta for meg eit dikt med barndom som hovudmotiv:

Avkjøme

Kan slekter bløme fram or desse lender?
Av dei gror skarntyde.
Eg bær eit barn i hjartet mitt,
eg slår det dag og natt.
Eg græt med tillitsfulle augo,
eg bit skuldlause lipper til blods.
Å menneske, eg tryglar dykk,
ver einfelte og sterke som vårdagen over åkrane!
La slekter springe fram!
Mann, yngling – bland deg med kvinneblod!
Gi sjelene avkjøme.
La born yrja opp or molda
med himmelske voner i små hender
og lær dei forgjenglegdomens språk!
Men sjá ikkje bort til meg.
Hjå meg græt eit barn
i graset.
(Sveen 1963, 18)

Som eit svar til det gamaltestamentlege påbodet om å ”veksa og au-kast” (1. Mos 1, 28) spør dikt-eget seg om slekter kan ”bløme fram or desse lender”. Også dette er eit typisk vitalistisk motiv, der naturen fungerer som leiande metafor for kroppen. Diktsbjektet er, slik eg les det, marginalisert av både religion og den politiske vitalismen. Her kan nemleg ikkje kravet om å formeira seg oppfyllast, for av lendene gror berre *skarntyde* (*Conium maculatum*). Denne planta gror helst på avfallspllassar, så metaforen inneber ei ettertrykkeleg devaluering av sjølvet. Skarntyde er dessutan svært giftig, og er historisk mest kjend som hovudingrediens i giftbegeret Sokrates måtte drikka. Referansen til den greske filosofen konnoterer både den påståtte korrumperinga av samfunnet han stod for og den greske pederastien; skarntyde er ein homolitterær markør.

Sjølv om formeiring er utelukka, ber eg-personen sjølv på eit barn i hjartet, som han slår ”dag og natt”. Her spelar barnet rolla som uteksponeering av eget; det lyriske subjektet ”græt med tillitsfulle augo” og ”bit skuldlause lipper til blods”. Dette konfliktfylte motivet kan lesast som ein *mise-en-abîme* av hovudkontrastane mellom barndom og vaksenverd og identifikasjon versus avvisning, som går att i forfattarskapen. Motivet med eit uynskt barn på innsida av diktsbjektet finst i fleire Sveen-dikt frå andre samlingar. På den eine sida peiker motivet mot ei psykoanalytisk forståing av det undermedvitne som noko potensielt ubehageleg. På den andre sida problematiserer motivet det vitalistisk-heteronormative påbodet om formeiring ved å konkretisera påbodet og framstilla det som uynskt og skadeleg. Det fortunar seg som ei allegorisk framstilling av internaliserte normer.

Her, som i *Andletet*, møter me ei dramatisering av det indre som ein relasjon mellom to karakterar. Den vaksne freistar å avvisa barnet i seg sjølv ved å slå og mishandla det konstant og bita seg i lippene, og dimed kan *hatet* mot den internaliserte andre på ny forståast som ein konsekvens av den obligatoriske vitalistiske dyrkinga av styrke og liv som pregar den andre delen av diktet. Subjektet freistar å ta livet av, og reinska ut, det perverterte og giftige i seg sjølv. At eg-personen bit seg i lippene, er også eit merkeleg, sjølvrefleksivt motiv. Den som talar

i diktet, prøver å hindra seg sjølv i å tala, som ein allusjon til det paradoxale samfunnspåbodet om at homoseksualitet berre kan omtalast som unemneleg.

Samstundes er "Avkjøme" skrive i ein kontrapunktisk stil, der fyrste delen er introspektiv, medan neste apostroferer *andre* menneske og bed dei om å formeira seg – det vil seia: oppfylla det påbodet subjektet sjølv ikkje greier. Diktet mobiliserer fleire vitalistiske topoi, der det mest slåande kanskje er oppmodingane "Mann, yngling – bland deg med kvinneblod!" og "La born yrja opp or molda". Allusjonen til det nazistiske slagordet *Blut und Boden* er nesten overtydeleg, og markerer den eine store skilnaden mellom dette diktet og mellomkrigssamlinga *Andletet*. Dessutan understrekar referansen til dette slagordet at heteronormativiteten som i det førre diktet ovra seg som eit trugande "lys", her er internalisert av dikt-eget. Stiltenonen er insisterande, og denne andre delen er tydeleg avgrensa av interjeksjonen "Å", verba i imperativ og dei fire ropeteikna som gjev eit nesten desperat uttrykk, som om alt kviler på at *dei andre* rettar seg etter denne norma. Dei andre skal vera "einfelte og sterke", det vil seia leva etter livets impulsar, utan å grunna over dei. Derimot er det lyriske subjektet ikkje berre marginalisert i høve til dei andre; han har sjølv omfamna og konfrontert seg med den kontrollerande diskursen som marginaliserer han.

Samstundes er det tydeleg at dikt-eget definerer seg utan tilhørsle til dei sterke ynglingane. Diktet sluttar med tre korte liner, som ei stille bøn om å vera i fred: "Men sjå ikkje bort til meg./Hjå meg græt eit barn/i graset". Apostroferinga tek slutt, og i tredje og siste del ligg fokus på subjektet igjen. Me kunne kanskje venta at motivet med barnet i hjartet kjem att, men diktet bryt med forventningane hjå lesaren ved å la "i graset" stå til slutt. Barnet får dimed ikkje "yrja opp or molda", men er avskore (og eg bruker ein botanisk metafor med vilje) frå det vitalistiske og nazistiske vekstparadigmet. For det andre tyder det at barnet er *eksternalisert*; med vald har det vorte tvinga ut av kroppen til det subjektet som ikkje kunne gro anna enn gift. Kjensla av antisolidaritet har dimed ført til at eg-personen *avviser* og *gjer vald på* det narsissistiske spegelbiletet av seg sjølv, som ein refleks av valden frå samfunnsnorme-

ne. Diktet uttrykkjer tilsynelatande ingen subversivitet, berre ei fortvila konstatering av at samfunnet opererer med ulike kategoriar av menneske. Nett som i *Andletet* får denne kategoriseringa det lyriske subjektet til å gjera vald på seg sjølv.

Utestenginga frå fellesskapen er ein konsekvens av ei samfunnsnorm som ikkje blir halden for arbitrær, men tvert imot blir *produsert* som *naturleg*. Erkjenninga av denne utestenginga plasserer eget i ein umogleg posisjon der avvising av solidaritet blir den einaste utvegen. Vassenden (2012, 407–8) har påpeikt at naturen hjå Sveen representerer det uavvendelege, det ein ikkje har styring med. Naturen står for det allmenne og bestemmande, og er ofte i konflikt med diktsbjektet. Eg er einig i denne påstanden, men meiner at tolkinga gjev meir mening om ein ser denne vitalistiske konflikten i ljós av samfunnets heteronormative diskursar.

Diktet tematiserer det lyriske egets utanforskap i forhold til dei livskraftige. Dette er eit leiemotiv i forfattarskapen, og verkar som eit ekko av det nazistiske propagandadiktet "Til dei unge menn". Her ser det lyriske eget beundrande på livskraftige og heteronormativt maskuline unge menn som "kjem byksande liene ned i somarkvelden,/-eiketres lår, bjørketres bringe, hender av einerrot –", medan diktet er punktert av utropet "da likar eg dykk" (Sveen 1940, 23–6; jf. ovanfor). Dikt-eget er her oppteken av den åndelege dimensjonen ved den heteronormative oppbygginga av samfunnet: "Byggjer de samfund av ånd?" (Sveen 1940, 25). Som dei avvikande subjekta i *Andletet* og "Avkjøme" er det lyriske subjektet ein utanforståande som lyt ovundra dei normativt maskuline på fråstand.

I "Avkjøme" skjer apostroferinga av dei andre i ein meir desperat tone enn me ser i både *Andletet* og "Til dei unge menn". "Avkjøme" underbyggjer slik inntrykket av at "Til dei unge menn" ikkje er Sveens måte å "snika inn" homoerotikk i nazismen. Derimot skildrar båe dikta ein problematisk utanforståstad til det maskuline og vitalistisk heteronormative. I *Brunnen* blir konsekvensen ein antisolidaritet som er ein skamfylt og sjølvpinande versjon av den "omvende diskursen".

Den homoseksuelle dobbeltagenten

Politisk og psykoanalytisk representerer antisolidariteten Sveen skildrar, ei omforming av valden frå storsamfunnet i ein protest som ikkje først og fremst tek form av ein allianse. Ved å tolka dikta i ljós av samtidas psykoanalytiske diskurs om den homoseksuelle narsissisten, blir det tydeleg at dei syner fram den brutale konsekvensen av å vera ”utanfor norma”. Valden kan såleis tolkast som både ein *refleks* av det kontrollerande i den herskande diskursen om seksualitet og ei antisolidarisk *tileigning* av den same kontrollen.

Den homoseksuelle er ein ”dobbeltagent” som alltid må ta eit aktivt val: lojalitet overfor staten versus solidaritet overfor minoritetsgruppa. Ingen av posisjonane kan bli tilfredsstillande. Det typisk homolitterære dobbeltgjengarmotivet får slik ein ytterlegare dimensjon ved at det også eksponerer det lyriske subjektets behov for å ta avstand frå homoseksualiteten, forstått som kjærleiken til ein narsissistisk generert dobbeltgjengar. Halberstam (2011, 163) poengterer dette når han skriv at det marginaliserte subjektet har eit særleg aktivt forhold til eit bedragets dilemma, ”if only because normative models of citizenship situate the minoritarian subject as a kind of double agent, one who must be loyal to the nation but cannot fail to betray it”. Dette alltid uavklåra dobbeltforholdet reflekterer ”valslektskapen” mellom dei kulturelle trekka til homoseksualiteten og den vitalistisk-nazistiske dyrkinga av maskulinitet og formeiring. Dei antisolidariske trekka i Sveens lyrikk eksponerer det umoglege i denne sameininga. Den umoglege dobbeltagentposisjonen endar i avvisning, hat, vald og død.

PER ESBEN MYREN-SVELSTAD er universitetslektor i allmenn litteraturvitenskap ved Institutt for språk og litteratur, NTNU i Trondheim. I 2016 leverte han ph.d.-avhandlinga *Den opne løyndomen: Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfatterskap* ved Det humanistiske fakultetet, NTNU. Teoretisk interesserer han seg hovudsakleg for feminism og queer teori, og han har også publisert artiklar om den franske renessansepoeften Louise Labé.

REFERANSAR

- Ahmed, Sara. 2010. *The Promise of Happiness*. Durham: Duke University Press.
- Bersani, Leo. 1995. *Homos*. Cambridge: Harvard University Press.
- Bjørby, Pål. 2010. ”Åsmund Sveens Andletet (1932): En queering av seksualitet, drift og identitet.” I ”der vårgras brydder”: Nye lesninger av Åsmund Sveens diktning, redaktør Hans Kristian Rustad, 133–87. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Dam, Anders Ehlers. 2010. *Den vitalistiske strømning i dansk litteratur omkring år 1900*. Århus: Aarhus Universitetsforlag.
- Egeland, Kjølv, og Tordis Ørjasæter. 1975. *Mellomkrigstid*. Redaktør Edvard Beyer. Band 5, *Norges litteraturhistorie*. Oslo: Cappelen.
- Foucault, Michel. 2009. *Histoire de la sexualité. 1: La volonté de savoir*. Paris: Gallimard.
- Freud, Sigmund. 1924. ”Drei Abhandlungen zur Sexualtheorie.” I *Gesammelte Schriften von Sigmund Freud*. Band 5. Redaktører Sigmund Freud, Anna Freud, Otto Rank og A.J. Storfer, 7–119. Leipzig: Internationaler Psychoanalytischer Verlag.
- . 1925. ”Zur Einführung des Narzißmus.” I *Gesammelte Schriften von Sigmund Freud*. Band 6. Redaktører Sigmund Freud, Anna Freud og A.J. Storfer, 153–87. Leipzig: Internationaler Psychoanalytischer Verlag.
- Gatland, Jan Olav. 1990. *Mellom linjene: Homofile tema i norsk litteratur*. Oslo: Aschehoug.
- . 2003. *Det andre mennesket: Eit portrett av Åsmund Sveen*. Oslo: Samlaget.
- Halberstam, Judith. 2008. ”The Anti-Social Turn in Queer Studies.” *Graduate Journal of Social Science* 5.2:140–56.
- . 2011. *The Queer Art of Failure*. Durham: Duke University Press.
- Halse, Sven. 2004. ”Vitalismen: Fænomen og begreb.” *Kritik* 171:1–7.
- Houm, Philip. 1955. *Norges litteratur: Fra 1914 til 1950-årene*. Redaktør Francis Bull, Fredrik Paasche, A.H. Winsnes og Philip Houm. Band 6. *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Aschehoug.
- Imerslund, Knut. 2003. *Norske klassikere: Litterære essays*. Elverum: Høgskolen i Hedmark.
- Jordåen, Runar. 2010. ”Inversjon og perversjon: Homoseksualitet i norsk psykiatri og psykologi frå slutten av 1800-talet til 1960.” Ph.d.-avhandling i historie, Universitetet i Bergen.
- Krouk, Dean N. 2010. ”A Queer Fascism?: Åsmund Sveen’s Vitalist Aesthetics and Politics.” I ”der vårgras brydder”: Nye lesninger av Åsmund Sveens diktning, redaktør Hans Kristian Rustad, 63–89. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Mosse, George L. 1985. *Nationalism and Sexuality: Middle-Class Morality and Sexual Norms in Modern Europe*. Madison: University of Wisconsin Press.
- . 1998. *Image of Man: The Creation of Modern Masculinity*. New York: Oxford University Press.

- Myren-Svelstad, Per Esben. 2016. "Ein eksemplarisk kulturkamp: Åsmund Sveens litterære engasjement for Nasjonal Samling." *Norsk Litteraturvitenskapelig Tidsskrift* 19.1:5–19.
- Sedgwick, Eve Kosofsky. 2008. *Epistemology of the Closet*. Berkeley: University of California Press.
- Steinnes, Svanaug. 2003. *Ei kjelde djup: Diktinga og livet til Åsmund Sveen*. Oslo: S. Steinnes.
- Steorn, Patrik. 2006. *Nakna män: Maskulinitet och kreativitet i svensk bildkultur 1900–1915*. Stockholm: Norstedts Akademiska.
- Sveen, Åsmund. 1932. *Andletet*. Oslo: Gyldendal.
- . 1933. *Jordelden*. Oslo: Gyldendal.
- . 1940. *Såmannen*. Oslo: Gyldendal.
- . 1963. *Brunnen*. Oslo: Cappelen.
- . 1966. *Tonemesteren*. Oslo: Cappelen.
- Sveen, Åsmund, red. 1942. *Norsk ånd og vilje*. Oslo: I kommisjon hos Stenersen.
- Thesen, Rolv. 1932. "To debutantar." *Arbeiderbladet* 30.11.
- Vassenden, Eirik. 2010. "Sol og skygge: Vitalismens dilemma hos Åsmund Sveen." I "der vårgras brydder": *Nye lesninger av Åsmund Sveens diktning*, redaktør Hans Kristian Rustad, 37–61. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Vassenden, Eirik. 2012. *Norsk vitalisme: Litteratur, ideologi og livsdyrkning 1890–1940*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Wolfert, Raimund, og Runar Jordåen. 2015. "Homoseksualitet i det tyskokkuperte Norge: Sanksjoner mot seksuelle forhold mellom menn i Norge 1940–1945." *Historisk Tidsskrift* 94.3:454–85.
- Ørjasæter, Jo. 1963. "Åsmund Sveens etterlatne dikt." *Nasjonen* 15.11:12.

NOTER

1. Uttrykket var ein psykologisk term for den augneblinken ein person innser at han er homoseksuell og omtalar seg sjølv som det (Gatland 1990, 287).
2. I eit anna litteraturhistorieverk, frå 1975, poengterte forfattaren Kjølv Egeland (Egeland og Ørjasæter 1975, 382) at Sveens "angstpregede erotiske dikt, med klangbunn i avvikervisshet, tidlig [ble] lagt merke til".
3. Straffeforfylginga av homoseksuelle mellom 1940 og 1945 var ideologisk motiver av både tyske og norske representantar for okkupasjonsmakta. Mellom anna argumenterte politimeister Jonas Lie i 1942 befolkningspolitisk for at homoseksuelle ikkje burde få vera medlemer av Nasjonal Samling (Wolfert og Jordåen 2015, 466). Sjølv om den norske § 213, som forbaud sex mellom menn, ikkje vart brukt i større grad enn før, vart den tilsvarande tyske § 175 mytta også i Noreg for å straffa forhold mellom tyskarar og nordmenn (Wolfert og Jordåen 2015, 483).

4. For ein analyse av Sveens litterære engasjement i nazismen som eit uttrykk for ein nasjonalistisk renessansetanke, sjå Myren-Svelstad (2016).
5. Niesa og biografen Svanaug Steinnes (2003, 129–32) viser til at Sveen hausten 1940 plutselig flytta frå sambuaren Conrad Bringe, rett før han fekk ei stilling i det nazi-styrte Kulturdepartementet. Etter landssvikoppgjeret vart Sveen til dels frosen ut av det litterære etablissementet. Han døydde i 1963, 52 år gammal.
6. Diktet stod først på trykk i diktsamlinga *Såmannen* (Sveen 1940, 23–6). Jf. *Norsk ånd og vilje* (Sveen 1942, 494–6).
7. Krøk går særlig i rette med den implisitt homonegative forklaringa til forskaren Knut Imerslund. I ein artikkel om Sveens forfatterskap skriv Imerslund: "Nå var nazistene utad svært negative til homofili. Likevel er det blitt avslørt i etterkrigstida at det også blant tyske toppnazister var flere skjulte homofile. [...] Det ser ut som en merkelig selvmotsigelse at tilsynelatende ekstremt homofientlige toppnazister selv var homofile, men dette kan også forklares med at det hos enkelte mennesker oppstår et voldsomt hat overfor det man selv føler at man har en del av i sin personlighet. Homohatet blir i slike tilfeller del av et sterkt selvhatt." (Imerslund 2003, 198) Forklaringsa er ein populærpsykologisk spekulasjon som byggjer på den gamle førestillinga om at Hitler *eigentleg* var homofil.
8. I denne analysen kan me ana eit ynske om å gjera Sveen til "den gode homoen", som finn gjenklang i Pål Bjørbys (2010) poengtering av at den norske homolitterære tradisjonen er "forstemmende". Bjørby (2010, 154, 135) ovundrar "den rankere, friere og langt mer utfordrende kontinentale tradisjonen", og er difor imot å etablira ein norsk "homo-kanon" med Sveen som medlem. Slik stenger han for å sjå det antisolidariske og depressive trekket ved Sveens lyrikk som ein relevant del av ein homolitterær "kanon". Derimot vil eg hevda at desse trekka nettopp er med på å gjera Sveens verk verdig ein plass i ein kanon som også må inkludera skam og politiske feiltrinn.
9. Det homoerotiske mannsidealet vart også utnytta av Adolf Brand (1874–1945), mannen bak tidsskriftet *Der Eigene*. I Weimartida hylla dette bladet det gresk-inspirerte manndomsidealet og framstilte homoseksualitet som toppunktet av manndom, i motsats til stereotypen av jødane som forfalne og feminiserte (Mosse 1985, 42). Tilknytinga mellom manndomsdyrkning, antisemittisme og anti-Weimarpolitikk vart slik utnytta av ei fløy i dåtidas tyske homokamp.
10. Krøk bruker omgrepet "elective affinity", tittelen på den engelske omsetjinga av Goethes *Die Wahlverwandtschaften* (1809). Omgrepet stammar frå kjemien, og står for tendensen visse kjemiske element har til å kombinera seg. Metaforen er treffande for dei uføresielege banda som oppstår mellom dei ulike kulturelle strøymingane og skildrar ovanfor.
11. Historikaren George L. Mosse (1998) har vist korleis den vitalistiske maskulin-tetssterotypen blir etablert i vesten sidan slutten av 1700-talet. Steorn (2006, 15)

nyanserer analysen til Mosse ved å poengtera at maskulinitetsidealet i biletkulturen ikkje er klårt avgrensa frå det Mosse kallar ”mot-typane”. Iscenesetjingane av maskulinitet syner snarare fram ei dobbeltheit. Det er denne dobbeltheita me ser i det potensielt homoerotiske, nazistiske manndomsidealet.

12. Som kritikaren og litteraturforskaren Rolv Thesen (1932) skreiv i *Arbeiderbladet*: ”Det er eit einaste dikt, heile boka”.
13. Foucault (2009, 59) poengterer som kjend at det er fyrst når psykiatrien og medisinen startar å definira ulike former for seksualitet etter 1850, at den homofile blir etablert som *subjekt*. Det fylgjer av Foucaults analyse at den som vik av frå norma for ”sunn” eller ”riktig” seksualitet, sjølv må anerkjenna norma og på eit vis ta del i henne.
14. Homoseksualiteten sette i gong med å prata om seg sjølv, å gjera krav på å bli rekna som legitim eller ”naturleg”, og ofte med dei orda og kategoriane medisinen rekna han som uverdig. (mi omsetjing)
15. Jf Sedgwick (2008, 159). Til dømes kan plotet i Wildes *Dorian Grey* oppsummerast med ”I do not love him; I am him” (Sedgwick 2008, 164). Dobbeltgjengarmotivet er ein litterær markør som refererer til konstruksjonen av den homoseksuelle som den som elskar ein som er lik (*homoios*) honom sjølv, men er også ein gotisk konvensjon som skaper ei kjensle av panikk, skreck og det *unheimliche*.
16. Sveen skreiv dei fyrste dikta til denne samlingen mot slutten av krigen, men då på bokmål, med tanke på at dei skulle vera del av prosadiktverket *Tønemesteren* (1966). Av di det gjekk lang tid å få anteke dette manuskriptet, arbeidde han om ein del av dikta, sette dei om til nynorsk, og tok dei med i *Brunnen* i staden (Gatland 2003, 191). Diktet kan altså vera skrive og arbeidd om på over to tiår, men er uansett ein del av etterkrigspoesien til Sveen.
17. Opningsdiktet ”Glasblåsaren” tematiserer dette: ”Bogens harmoni, letens lys, den indre kynd i materia – å/gåtefulle venleik, dine prinsipp blømer ut av mine lungers mold,/mine årers rauder regn og det evige solskin i min andre.” (Sveen 1963, 7)
18. I ei bokmelding av *Brunnen* i avisas *Nationen* var kritikaren Jo Ørjasæter (1963) inne på noko av det same: ”[...] det private er *brent bort* og er der berre som ein klangbotn som gjev det ålmennmenneskelege ein serleg klang og fargelegging” (mi uthaving).

ABSTRACT

This article analyzes selected poems by Norwegian author Åsmund Sveen (1932–1963). A key problem in the scholarship has been the perceived paradox of Sveen’s homoerotic poetry and his commitment to Nazism during World War II. I propose to read Sveen’s poems through the concept of

antisolidarity, in order to discuss how they enter into a dialogue with vitalism and Nazism as heteronormative discourses. Thus, I argue that the speaker in many of Sveen's poems is described as someone with a double loyalty: to his own identity and to a society that condemns the same identity. Instead of proposing to explain Sveen's Nazism by way of his same-sex relations, I therefore suggest that his work exposes the impossibility of the double affinity between homoerotics and masculine vitalism.

Keywords: Åsmund Sveen, Nazism, vitalism, antisolidarity, gay double, queer poetry